

SVPOL 111/ 112

Miljøpolitikk

forelesning
2 april 2001
“Analyzing Politics II”

© 2001 Erling Berge
<http://www.sv.ntnu.no/iss/Erling.Berge/>

Pensumlitteratur

- Shepsle, Kenneth A., and Mark S. Bonchek
1997 “Analyzing Politics. Rationality,
Behavior, and Institutions”, New York, Norton
- Underdal, Arild (2000) “Internasjonale
forhandlinger” i kompendium for SVPOL112

Tema i dag

Shepsle&Bonchek Ch.8-9

- Samarbeid eller ikkje samarbeid?
- Kollektiv handling
 - Private eller offentlege gode?
 - eksternalitatar
 - overforbruk av gratisressursar
- Sosiale dilemma

Sosiale dilemma

- Kvar gong når individ står i ein situasjon der maksimering av kortsigte eigeninteresser gir utfall som er dårlegare enn andre praktisk tilgjengelege alternativ
- Eks.: "Fangens dilemma"

Repetisjon I

Strategisk atferd

- Rasjonalitet I
 - handlingsval etter preferansar
- Rasjonalitet II
 - optimalisering av utfall (maksimering med gitte ressursskrankar og tidsperspektiv)
- RII fører til strategisk atferd

Repetisjon II

3 typer **strategisk** atferd

- **sofistikert atferd**
- **feilinformasjon**
- **manipulering**

Repetisjon III

Strategisk og sofistikert stemmegjeving

- Ein stemmer **strategisk** når ein veg ulike “lotteri” opp mot kvarandre
(og stemmer slik at ein ikkje lar det gode bli det bestes fiende)
- Ein stemmer **sofistikert** dersom ein resonnerer baklengs ved val av alternativ

Repetisjon IV

Strategi i stort

- Kvar kjem dagsorden frå?
- Kven formar ut alternativ
- Korleis vert situasjonen definert?

Institusjonar er viktige

Individ vs gruppe

- Sambandet mellom individ- og gruppeavgjærder er komplisert, og svært langt frå sjølvinnlysande
- **Institusjonar** som formidlar dette sambandet (t.d. avstemmingsreglar, dagsorden) er kritisk for utfallet

Rasjonell handling

- modellen føreset individuell handling trass i at utfallet av handlingane er avhengig av handlingsvala til andre menneske.

Resultat i modellen

- “fullstendig rasjonelle” aktørar samarbeider ikkje - dei er gratispassasjerar

I verklege sosiale dilemma samarbeider folk

- kvifor?

Offentelege gode

- konsumentar kan ikkje ekskluderast
- eigenskapar ved gode kan gi “feil” insentiv til aktørar slik at det blir produsert for mye eller for lite ut fra samfunnsmessige vurderingar
- eigenskapar hos institusjonar/ strukturen i sosiale dilemma kan gi feil insentiv slik at gode ikkje blir produsert

Samfunnsordninga

“The problem of order”

- Thomas Hobbs “Alles krig mot alle”
 - livet var “solitary, poor, nasty, brutish and short”
- Løysing I: Religion/ moral
- Løysing II Staten
 - Leviathan bør (iflg Hobbs) få makt og mynde til å befale, overvake, oppdage og straffe

Samarbeid mellom egoistar?

David Hume: “drenering av sump”

Samarbeide eller ikkje ?	B yter sitt	B vil ikkje
A yter sitt	1 1	2 -1
A vil ikkje	-1 2	0 0

Eg vil, men kan eg stole på at du vil?

Forhandlingar mellom USA og USSR

Nedrustning eller ikkje ?	alt som før	nedrustning
alt som før	0 0	-100 100
nedrustning	100 -100	10 10

Sosiale dilemma

- Korleis kan ein sikre samarbeidsvinstar?
 - Sekvensar av spel
 - endelege sekvensar
 - uendelege sekvensar
 - Resiprositetsnormer
 - like for like som spelstrategi

Konklusjonar

I modellanalyser finn vi at

- samarbeid treng ikkje vere basert på moral
- samarbeidet treng ikkje vere pålagt av Leviathan
- rasjonelle egoistar klarer å samarbeide
(men berre så vidt, er ein ikkje “snill” i starten er ein ille ute)

Mekanismer som gir samarbeid

- Internaliserte verdiar
- Ekstern tvang
- Gjensidig overvaking og sanksjonering av brot på avtalar

Internalisering av verdiar

“Omerta” i mafiaen endrar fangens dilemma

	omerta	tyste
omerta	1 1	- -1
tyste	-1 0	0

Ekstern tvang

- Tredjeparts maktgaranti for kontrakter
 - neo-klassisk økonomisk teori er tufta på dette
- Kva skjer når “tredjepart” sviktar?
- Kva kostar eigentleg tredjepartsgarantien
- Insentiva til “tredjeparts” agentar?

Staten/ Leviathan/ Tredjepart

- Statens viktigaste oppgåve er å vere nøytral “tredjepart” i høve til samarbeidande eller konkurrerande borgarar
- Dette gir staten stor makt
- Men kven vaktar vaktarane?

Der staten manglar

- Internasjonal politikk er eit handlingssystem utan den “nøytrale tredjeparten”
- Deltakarane er normalt kollektiv (statar, organisasjonar)
- Samarbeid i slike system vil normalt vere basert på enstemmighet (jfr. Underdal 2000 i kompendium)

Kollektiv handling er vanleg

- NGO's
 - miljørørsler
 - fredsrørsler
 - menneskerettsrørsler
- Lokale protestrørsler
 - Gasskraftaksjonen
 - Beiarnaksjonen

Politikk er fundamentalt sett gruppebasert

- T.D. interessegr / pressgr / lobbygr
- KAN GRUPPER TAKAST FOR GITT?
- Kvifor deltar folk?
- Kven er det som deltar?
- Kva får ulike grupper og foreningar til å fungere?

Samarbeid mellom n personar

Reine offentlege gode (ikkje-ekskluderbare gode)

- skal person “i” bidra, eller ikkje?
- vert godet produsert, eller ikkje?
- vert det produsert proporsjonalt med bidraga?
- kor mange må bidra for at godet skal verte produsert (terskel)?

Bidrag til aktivitet i store grupper

Når det trengst «k» bidrag til produksjonen			
		Antall andre medlemmer som bidrar	
Mr «i» sitt val	<k-1	k-1	>k
bidra	-C	B-C	B-C
ikkje bidra	0	0	B

B = individuell verdi av gruppemål
-C = individuell nytte av å bidra (C=«utgift»)

Konklusjonar

- Gitt k vil bidrag bli **mindre** sannsynleg
 - dersom n veks (C og B konstant)
 - dersom C veks (n og B konstant)
- Gitt k vil bidrag bli **meir** sannsynleg
 - dersom B - C veks (n konstant)

Koordineringsproblem I

Nytte ved felles atferd (forsikringsspel)			
		Andre medlemmer sine val	
Ms «j» sitt val		opera	ballet
opera		B	0
ballet		0	B

B>b
B = individuell verdi av felles aktivitet opera eller ballet
b = individuell nytte av opera eller ballet

Koordineringsproblem II

Motstridande interesser

Nytte ved felles atferd i gruppe på n (forsikringsspel)			
		Andre medlemmer sine val	
Ms «j» sitt val		opera	ballet
opera		$B_1, B_2, B_3, \dots, B_n$	0
ballet		0	$\begin{matrix} 1' & 2' & 3' \\ \dots & & n \end{matrix}$

$B_i > b_i$, $i=1,2, \dots, n$ med unntak av at for k er $B_k < b_k$
 B_i = individuell nytte av felles aktivitet: opera eller ballet
 b_i = individuell nytte av opera eller ballet

Konklusjonar

- Like interesser
 - $\text{Pr}[\text{alle } n \text{ vel det samme}] = (1/2)^n$
 - Koordineringsmekanismer
 - som t.d. gjentatte spel
- Ulike interesser
 - koordinering er ikkje nok
 - Institusjonar (reglar og byråkratar)

Mancur Olson 1965
“The Logic of Collective Action”

- gratispassasjeren
- latente grupper
- privilegerte grupper
- verknaden av gruppestørleik
 - små grupper gjer det betre enn store
 - (men smågrupper er ikkje så uproblematiske som Olson gjekk ut frå)

Ulikskap og kollektive gode

- dei “fattige” si “utbytting” av dei rike
 - eks. små nasjonar i NATO
 - dvs ulike interesser i grupper kan somme tider fremme produksjonen av offentlege gode
- gitt vanskane: kvifor finn vi så mange STORE rørsler?

Biproductteorien

- store rørsler held på medlemmene ved selektive insentiv (medlemsfordeler)
- det kollektive godet er eit “biproduct” av dei selektive insentiva
- Men kva med leiaren og altruismen?

Politiske entreprenørar

ser mulighet for samarbeidsvinstar der dei i dag ikkje blir realisert.

Drivkrefter for “eldsjelene”?

- selektive insentiv (stemmer, prestisje)
- politisk ideologi / trussystem er også offentlege gode
 - kvar kjem dei fra?
 - koreleis vert dei overført til nye medlemmer?

Stemmegjeving

er kollektiv handling

- å avgj stemme representerer ein kostnad
- dei ulike partia ein kan velje mellom vil gi ulik nytte
- vil bidraget mitt bety noko?
- rasjonelle veljarar bør ikkje stemme !!
- likevel gjer svært mange det. Kvifor?

Atferd i gruppесamanheng

- Instrumentell
 - investering i framtidig utbytte
- Erfarings/ opplevingsorientert
 - atferda gir direkte nytte
 - konsekvensane rekna i individuell “nytte” er (relativt) uviktige

Konkurranse mellom grupper

- gir eit nytt nivå av kompleksitet i ein analyse av kva som er rasjonell handling for individet
- går ein inn på dette treng ein eit betre grunnlag i spelteori, som t.d. Dixit and Nalebuff 1991
“Thinking Strategically”

Referansar

- Dixit, Avinash, and Barry Nalebuff 1991
“Thinking Strategically”, New York, Norton
- Olson, Mancur 1965 “The Logic of Collective Action. Public Goods and the Theory of Groups”, Cambridge, Harvard University Press